

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

DESEMBER 2021

Innhald

Leiaren har ordet	2
Kva er dikt av Magne Velure	3
Dagboksnotat – då Olav H Hauge vitja Voss gymnas av Jarle Fanebust	4
Eple og Poesi – Olav Hauge av Stefan Sture	7
Uppskoka på Poesifestivalen av Ola Bø og Nils Erik Kvamme	9
Katrina og Håkon av Olav Ljones	11
Amboltprisen 2021. Takketales av Katherine J. Hanson	13
Eg og Olav. Ein håplaus Olav H. Hauge-romantikar av Helen Daae Frøyseth	18
«Ein kjempe, både i kropp og ånd». Nokre inntrykk av Robert Bly frå dagbøkene til Olav H.Hauge av Marit Hafting	21
Fornya avtale om Haugesenteret av Olav Ljones	25
Frå årsmøtet: ny redaktør, styret	26
Forfattarar i dette nummer	27



LEIAREN HAR ORDET av Olav Ljønes

Det har vore ei underleg tid med pandemien. Difor var det ei særleg glede å kunne samlast på Poesifestival i september. Det var som vanleg eit rikt program og ein kunne møte mange unge og talentfulle poetar. Vi i Venelaget hadde valt å satsa litt ekstra med eit program med fleire av dei store og litt lokale dikta. Laget hadde leigd inn ekspertane Ola Bø og Nils-Erik Kvamme til å setje saman programmet og gi råd til musikarar (Rannveig Djonne og Knut Hamre) og skodespelarar (Arnhild Litlere og Endre Helles-tveit) slik at det skulle flyta greitt og hengja saman. Det var eit særst godt program ikkje berre etter mi meining. Sjå til dømes kva Arve Thorvik skreiv på Facebook

*EI UPPSKOKA UTAN ØL,
midt på dagen, i ein raudnande
eplehage, ikkje eit eldhus - men
jammen vart det uppskoke, ja.
Olav H. Hauge i ny tapping,
dei eldste dikta - nokon heilt
ukjende for meg. Eit vakkert
og omfattande utval, glitrande
framført og mjukt musikalsk
tolka av eit knippe av dei aller
beste - sjølv sagt alle med røter
langs Hardangerfjorden.
Takk for ei stor oppleving på
bakkane på Rossvoll.*

Amboltprisen har vore utdelt av Venelaget sidan år 2000, til ein

som har verka til å gjera diktinga til Hauge kjend. Årets prisvinnar er frå USA - Katherine Hanson, fødd i 1946. Som ung forskar fatta ho interesse for diktinga til Olav Hauge og tok doktorgrad på diktinga hans i 1978. Ho framførde ein imponerande tale til takk for prisen, men og som ei innleiing til stykket RIT som ho hadde sett saman, saman med Inger-Kristine Riber og Reidun Horvei. Ved sida av kunnskapen om diktarverket som takketalen fortel om, er det verkeleg imponerande korleis ho også tek vare på norskkunnskapane sine. Det var ein verdig prisvinnar juryen (Randi Jåstad, Eirik Vassenden, Øystein Hide og Audun Lødemel) hadde peika ut.

I 2014 opna Haugesenteret med mellom anna boksamlinga etter Olav H. Hauge. Ansvarleg for drifta er Nynorsk Kultursentrum i eit samarbeid med Ulvik Herad og Haugestiftinga. Avtalen som ligg til grunn for dette samarbeidet skal frå tid til anna fornyast og i haust har ein lagt grunnen for ei vidareføring av avtalen og Haugesenteret.

Så sjølv om pandemien råkar oss er det grunn til å sjå lyst på framtida - folk vil også i framtida setja pris på og finna glede i diktarverket etter Olav H Hauge.

I dette heftet er det stoff om poesi og ein ny poet stig fram

med diktsamlinga Eg og Olav. Forfattaren Helen Daae Frøyseth er ung og har aldri møtt Hauge men kjenner likevel tittelen på diktboka som dekkjande.

Det lakkar mot jol, og eg tok meg her om dagen ein tur til Tønsberg med ei joleglede til Bodil Cappelen, frå heile Venelaget. Ho er i form med godt minne og godt humør om enn beina ikkje er like raske som før. Ho helsar til alle Haugevener.

Kva er dikt av Magne Velure

I 2021 har eg lese i dagbøkene etter Olav H. Hauge for å sjå kva han var oppteken av for 50 år sidan i 1971. Utover hausten les og kommenterer han mykje litteratur, både norsk og utanlandsk. Han deler tankane sine med dagboka. I slutten av oktober fester han nokre formuleringar på papiret; dei kan kanskje tolkast som ein freistnad på summera opp all lesinga han har bak seg. Tankevekkjande er det i alle fall.

Jol er tid for tradisjonar, og eg rundar også i år av med dette vesle jolediktet av Olav H. Hauge.

Me skal feira jol
i kvart vårt bol.
Og vera sæle te
at me har fred
og godt med ved

«KVA ER DIKT? Ingen veit. Og det er bra, for so lenge dei ikkje veit det, held dei på. Og lurar på det. Korleis skal eit dikt vera?

Ingen veit det heller. Det er òg bra. Då held me på og lurar på det. Å laga eit dikt er av dei ting som er umogeleg. Umogeleg for Gud. Sumt er det. Og skal so vera. So skal so vera. So lenge det er det, held folk på og diktar.

Det som er dikt for ein, er ikkje det for ein annan.»



I venelagsheftet sept 2019 skriv Liv Bernhoft Osa ein epistel om OHH si vitjing på gymnaset. Eg meiner ho gjekk i 1. gym. Sjølv gjekk eg i 3. klasse. Og i god Hauge-ånd førte eg ei slag dagbok (utan då å vita om den Store Dagboka). Her er det eg skreiv, litt rotete, tett inn på dei nitten. Og om her er noko uklårt: skuld det på ein blåøygd, men vitehuga ungdom. Og so vekslar det noko mellom normalisert nynorsk og dialekt. For å ta inn nokre ord med ein liten vri: «dette lut de tola»).

13.3 Opp sju. Les gamalnorsk. På veg til skulen møter eg Olav H og fru Slaatelid i troppa. På slutten av dagen er det litteraturgruppa. Johanna [Schwarz] og OHH kjem.

Hauge set seg ved kateteret. .Han kjenner meg att. Han gjev teikn, rettar opp neven. Hauge vil helst sitja ved kateteret, med ryggen fri, men går til slutt med på å sitja i ringen. Me har ikkje friminutt. Hauge les «Bøn». Var opprinneleg fleire vers. Forklarar somme ord. Og versemål. Han likte rytmen og forma sjølv. Han seier at det er slik at ei linje melder seg - med rytmen - og så byggjer han vidare på det. Sjølv sagt kan ein seinare måta til rytmen med innhaldet, men oftast kjem dei samstundes. Og Johanna seier det er slik med henne òg.

Hauge les «Din veg». Og «Svarte krossar». «Ja, da har no vore tolka på mange slags vis. Ein lektor på eit seminar i Norheimsund såg på

krossen som det spesifikt kristne symbolet, og dette stod etter dei når dei døydde. Ja, da gjeng sjølv sagt an å sjå på de slik, men sjølv tenkte eg ikkje på da. Og ein i frå Odda, kanskje ein lektor, han såg på da som om da gjekk føre seg i underverda alt. Men da e no so. Eg såg på da som symbol. ja, me har alle vår kross å bera veit du»

Han les diktet. Johanna spør om der er ein allusjon til Draumkvedet.»Jau, da kan godt henda. Eg kjende no Draumkvedet frå eg var ung. Dessutan er her ein ting: Her i tredje verset, eller linja: .. luter i regne gruve... Der er smør på flesk mest? --luter og so gruve. Ja e vel pleonasme slikt heiter (Johanna skriv på tavla). Og eg meiner det kan forsvarast her. Sjølv sagt har det sitt å seia for rimet (tuve), men da er underordna. Ved pleonasmen vert det understreka. Også lydleg ved assonansen.»

Hauge les «Din veg». Aksentrim, seier han. «Og eg trur om rimet vert teke oppatt, må dei nytta meir aksentrim, for det er ein feil å taka inn dette med lange og korte stavingar. Opphavleg var det ikkje slik. Det hadde med lange og korte stavingar i det greske språket å gjera. Men so breidde det seg til andre land. (Til J:) Ja det veit no du betre enn eg, du som er filolog. Nei det rimet har kosta mykje hovudbrot for mange.

Johanna skyt inn: «Kanskje du kunne nevne det du sa om «Brand»

då du fekk vite at Åse Lervik hadde tatt doktoravhandling på rimteknikken der?» OHH: «Ja, eg tykte da va underleg. For «Brand» da er skodespel og [uleseleg]. Peer Gynt er betre. Men «Brand: Ikkje alle talar som han i stykket. Men dei tek no doktoravhandling på so mangt. Jau»

Eg spør om me ikkje kan gå over på dikta som me syntest var vanskeleg. Eg seier me lurte på det «Ved Kinas dør». Hauge: «Ja, da e no so». Han smiler. «Da e vel ikkje så mykje å seia om da. Da stende dar no. Som eit teikn i rommet. Eg sende da inn til Birkeland i «Syn og Segn» ein gong, og fekk til svar at han ikkje skjøna noko av det, men ville plent prenta det likevel. So vidt eg veit har ingen freista tolka det, og eg veit no ikkje om eg vil. Da stende dar no. Vold har nemnt da. Han skjøna det visst ikkje. Ja han totte det var eit fint dikt, men kor mykje han skjøna av det, er ei onnor sak. Eg kan no lesa da, etterpå. Ja, da at eg stend høgt i Kina, da veit eg no ikkje. Da stende no so her i alle fall.» Han ler. Terje seier eg må seia kva me kom fram til. Eg seier me hadde snakka om det og meinte det kanskje gjekk på at du hadde kjennskap til Kinesiske vers. «Jau seier Hauge. Eller nei. Eg tenkte ikkje på da. Jau da går nok an å sjå da på den måten, men da va ikkje da eg tenkte på då eg skreiv da.»

Og så var der eit anna: «Det

finst varslarar». Hauge les det: «Ja, dette er ei urovekkjande hending. Det var på handelslaget i Ulvik. Eg såg ein mann gjennom glasdøri. Og det fortalde meir om han enn noko anna. Ja, tidi vil visa. Eg vil slett ikkje seia kven det var. Men me tegjer baa. Døri og eg altso. Eg tegjer og døri tegjer.»

Johanna bed han lesa «Lauvhyttor og snøhus». «Ja da er? kanskje eit brot med krav om engasjert dikting i dette», seier han. Johanna: ja enten nødvendigvis, nei inte nødvendigvis» OHH: «Kanskje eg likevel motseie meg sjølv?» Johanna: «Ja, du motseier deg sjølv på en punkt: - berre nokre ord røysa saman på slump..»

Nokon spør om han kan lesa av det andre han har. «Jau,» seier H. «Eg hadde ein annan klasse i

dag, so dikti ligg no i rekkjefølgje.» Han les nokre: «Ofelia» (forklarar litt om Hamlet), «Det er den draumen», «Bruk ikkje sandpapir». Og «Bumannen»: «Ja, eg veit ikkje om nokon av dykk har tolka det, men om ein går nærare inn på det, så finn ein noko av Jung: Den gamle mannen som kjem fram i oss. Han e'ekje nett noko hyggjeleg syn». Kanskje burde eg kalla det Botnmann, men Bumann er no godt nok». Og han les «Øksejefte». «Det er eit dikt over ordtaket: Makta minkar, sinnet veks.» Og so les han: «Kom ikkje med heile sannin-gi».

(framhald i neste hefte)

Har du kommentar send gjerne til Jarle Fanebust jarfan55@gmail.com

Epler og poesi Olav Hauge av Stefan Sture

Kveld i november.

Han sperrar loftet. Natti kjem med frost. Eg fer med augo yver hagen, veit det heng att eple i ein topp. Eg leit på mildver enno; veden skal i kost,

og kålen takast upp og kulast, tre skal plantast; og det burde vorte tid til nybrot også. No ser eg hausten lid og marki frys og snøen kastar ned

midtlides, og eg veit eg rekk ikkje mitt. Den epleslumpen fær eg berga, kor som er, so er i det minsto ei sut kvitt.

I vest er månesigden ute, stor og haustkvass, gjerug med å berga sitt, ei saknads solbunde åt ei myrk jord.
(Dikt i samling 1994, side 170)



Foto: Olav Ljones

Gartneren i norsk poesi, Olav H. Hauge (1908–1994), epledyrkeren fra Hardanger har naturlig nok mange dikt med epler i. Men de bærer mindre preg av at dikteren har gartnerutdannelse, enn at han har lest lyrikk og lyrikkteori fra alle tider og hele verden. Bare valget sonetten som sjanger, viser at dette diktet favner langt utover Hardanger. Det viser også et bevisst forhold til tradisjonen og til skrivegjerningen.

Sonetten ble oppfunnet på Sicilia i ca. 1235 av Giacomo de Lentino, som tilhørte hoffet til Fredrik II. Det er altså en subsjanger med lange

aner, og det har ikke gått av moten i løpet av disse snart 800 årene. Men den har vært både hyllet og utskjelt. For de fleste opp gjennom historien har sonetten vært lyrikk i konsentrert form og poetens svenestykke. Så det er ikke en tradisjon man skriver seg inn i uten å ha et bevisst forhold til sitt valg av subsjanger.

Stedet styrer hendelsene, hevdet de gamle romere, og det er klart at de også styrer poetens skrivegjerning. Det finnes spor av epledyrkeren fra Hardanger her, som bekymrer seg for om han får høstet ferdig før kulden kommer for alvor. Men om

INNBETALING AV LAGSPENGAR

Vi minner om at og for 2022 treng Venelaget Olav H. Hauge lagspengar. Dei er som før kr. 250,- og kan betalast til konto 3450 30 01960 ved kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik eller VIPPS til: #586853
Send med namn, postadresse og epost.

E-post til Venelaget kan sendast til leiaen_ola-lj@online.no

det henger alene igjen i tretoppen, så er det likevel ikke alene som literært eple.

I et dikt av den greske kvinnelige dikteren Sapfo, som levde for rundt 2500 år siden, heter det:

Som et eple som
modner på den
øverste grenen

oversett av sankere
eller sett, men
ikke nådd
(*min oversettelse*)

At et eple svinger seg på en toppgrein fra Hauges Hardanger til det antikke Hellas åpner diktet i tid og rom. Eplet knytter an til andre dikt og til litteraturhistorien.

Som eksempel kan *“Heaven” - is what I cannot reach!*, av Emily Dickinson. Et himmelsk eple, kanskje. Men i det minste et eple som fører oss nærmere vår kulturs kanskje mest kjente eple, det som Eva plukket til Adam. Men Adam ble ikke «ein sut kvitt» - tvert imot, kan vi vel si. Epler og hager fører leseren raskt inn i Edens hage, og kanskje ut igjen. Eplet man aldri

når, smaker søttest - det vet vi. Mystisk, religiøst, lyrisk, paradisisk eller gartnerreple? Hengende blir det og lite glede gir det.

Så lenge sonetten varer, blir ikke eplet plukket. Sorgene blir ikke borte, hele diktet dirrer av noe uforløst. Det er ingen aktive handlinger, bare uro og kanskje til og med angst. Diktet befinner seg i en overgang uten forløsning. Det er for sent, eller for tidlig. For sent fordi frosten kom brått på, for tidlig fordi det fortsatt kan komme mildvær. Det er kveld, overgangen mellom dag og natt. November er overgangen mellom høst og vinter.

Den som fører ordet i denne sonetten ser og tenker, men handler ikke. Det er så mye å gjøre, men det kan ikke gjøres nå. Vi får heller ikke vite hvordan det går, om det kommer et mildvær som kan redde eplet. Men det hjelper vel ikke, det er nok mer å bekymre seg for i et menneskeliv. Det er ikke en vanlig arbeidsmann og en gartners beskrivelse av eplehøsten vi finner i dette diktet. Uroen kan vi alle kjenne igjen, det er så altfor ofte noe vi ikke får gjort i tide.

Uppskoke på Rossvoll 04.09.2021 av Ola Bø

Det var Venelaget som hadde ideen til dette arrangementet og som tok kontakt med Nils Erik Kvamme og meg for innspel til eit program med dikt av Olav H. Hauge og med musikalsk fylgje frå Hardanger. Det var eit uttalt ønske at utvalet av dikt også skulle ha med nokre langdikt som ein ikkje ofte høyrer framført, som *Uppskoke* og *Bygdeklokkaren*. Når me så la til diktet *Spelemannen*, som på eit vis er eit minnedikt over den talentfulle venen Johan Hjelmevoll, som døydde berre 22 år gamal, vart desse tre dikta ein slags grunnmur i programmet. Fleire av dei andre dikta var òg på ulike måtar knytte til nærmiljøet - til utsyn frå tunet om ein vil. Musikken var henta frå det rike repertoaret til folkemusikarane Rannveig Djonne (toradar) og Knut Hamre (hardingfele). Til å framføra dikta valde me to skodespelarar frå Hardanger, Arnhild



Leiar i Venelaget ønsker velkommen til Uppskoka. Foto Guri Hjeltnes

Litlere og Endre Hellestveit, med gode føresetnader for å ta vare på den lokale språkfarginga som ein del av dikta legg opp til.

(Den humoristiske snerten og riminga i diktet *Fjellblokka kallar dei meg òg* (frå *Glør i oska*), blir til dømes ein heilt annan om ein les preposisjonen til som te, slik Hauge gjorde. Berre prøv!) Å kalla programmet *Uppskoke* kjendest heilt naturleg, for ei variert smaking synst me det vart.



Rannveig Djonne, Knut Hamre, Arnhild Litleré og Endre Hellestveit. Foto Guri Hjeltnes

Program Uppskoke på Rossvoll 04.09.2021

av Ola Bø og Nils-Erik Kvamme

Dikt:

Her har eg butt (*Spør vinden*),
Eg dreg ifrå glaset (*På ørnetuva*),
Kirsebærtreet (*Glør i oska*),
Tao Ch`ien (*Spør vinden*),
Ny duk (*Janglestrå*),
Ljåen (*Dropar i austavind*),
Hoggestabben (*På ørnetuva*),
Eg hogg ned den store apalen
framfor glaset (*Spør vinden*),
Den gamle diktaren har laga eit
vers (*Spør vinden*),
Uppskoke (*Glør i oska*),
Gamal diktar prøver seg som
modernist (*Dropar i austavind*),
Elvi burtanom fjorden
(*Seint rodnar skog i djuvet*),
Mange års røynsle med pil og
boge (*Janglestrå*),
Eg siktar litt yver (*Spør vinden*),
Pil og kule (*Dropar i austavind*),
Kvardag (*Dropar i austavind*),
Les Lu Chi og lag eit dikt
(*Spør vinden*),
Vindhane (*Dropar i austavind*),
Du bur under bergfall
(*Under bergfallet*),
Kor lenge har du sove
(*Dropar i austavind*),
Det er den draumen
(*Dropar i austavind*),
Spelemannen (*Glør i oska*),

Hald på med ditt (*Spør vinden*),
Det er sendt ut påbod
(*Spør vinden*),
Bygdeklokkaren (*Seljefløyta*),
Skuleplassen (*Dropar i austavind*),
I dag såg eg (*Dropar i austavind*),
Fjellblokka kallar dei meg òg
(*Glør i oska*),
Me trudde verdi her er til for oss
(*Janglestrå*),
Tid å hausta inn
(*Dropar i austavind*),
Gjer ein annan mann ei beine
(*Seint rodnar skog i djuvet*),
Her har eg butt (*Spør vinden*).

Musikken me brukte måtte kunne
spelast både på toradar og har-
dingfele. Nokre av slåttane spela
dei saman, andre kvar for seg.

Slåttane me brukte var:

Kongstunen (*Otte Haukanes*)
Besse Vikingson (*Rannveig Djonne*)
Gangar (*Olav Håstabø*)
Vinterbrur (*Rannveig Djonne*)
Bygdatråen (*Nils Mørkve*)
Tjoflothamborger (*Nils Tjoflot*)
Ginavalsen (*Nils Tjoflot*)

Katrina og Håkon, mor og far til Olav av Olav Ljones



Katrina og Håkon Hauge.

Foto: Haugesenteret

Katrina, mor til Olav var fødd på garden Hakestad Andre Tunet, Bruk nr. 5 i 1873 og døydd i 1975. Foreldra hennar var Pål Ivarsson Hakestad (1839–1907) og Margreta Oddmundsdotter Vambheim (1844–1928). Eldste bror Ivar overtok sammen med si kone gard på Syse. Ein bror Oddmund 1885–1937 (og kalla Edmund) utvandra til USA, men flytta attende til Ulvik og døydd der. Han er ofte nemnd som ein som skaffa bøker frå verdslitteraturen til Olav. Den yngste broren til Katrina var Ola (1887–1965) som budde i ei stove på Rossvoll, og som arbeidde som gardsarbeidar.

Håkon Hauge, far til Olav (1877–1954) var frå Lærdal. Om Håkon og slekta frå Lærdal er det ein artikkel av Torbjørn Ljones i Venelagsheftet april 2015. (I Ulvik bygdebok er Håkon førd opp med fødselsår 1872 medan det i Lærdalsboka står 1877. Eg har ikkje granska kjelder som kyrkjeboka i Lærdal, men vil gå ut frå at rett fødselsår er 1877). Håkon hadde i fleire år arbeid på Bergensbana som rallar. Han og Katrina gifta seg i 1903. I Bygdebok for Ulvik band 2 stend det at i 1904 fekk Håkon skøyte på garden frå Ivar, bror til Katrina. Det er vel naturleg å sjå dette som eit prov på at Katrina vart

rekna som å ha den beste retten til garden.

I eit heftet om Bergensbana av Olav Lindebrekke, utgjevar Pedagogisk verkstad (Utgjevar år er ikkje førd opp) stend ein del om det vanskelege arbeid med tunnelane på Bergensbana, særleg den lengste Gravhalstunnelen. Så står det og om Reinungatunnelen. «Han var farleg å arbeida i, for det raste stødt. Ingen hadde hug til å arbeide der. Det er sagt at Håkon Hauge gjorde tunnelen ferdig til slutt. Han var bas, og arbeide i 7 år ved bana». Reinungatunnelen ligg 33 mil frå Oslo mellom Hallingskeid og Myrdal, er den nest siste tunnelen før Myrdal stasjon og er 1836 m lang.

I boka Olav H. Hauge og bygda av Arne Skjerven og Steinar Bergo, Samlaget 2008, er det avsnitt om arbeidet med Bergensbana og Håkon. Bergo og Skjerven skriv at Håkon arbeidde med Gravhalstunnelen og var bas på tunnelen vest for Gravhalsen. Så er det ikkje tvil om at det var der opp i

Finse-Hallingskeid-fjella at Katrina og Håkon møttest. Det var fleire jenter frå Ulvik som var kokker på Bergensbana, men ikkje Katrina (Kokker var: Kari Børsheim, Sigrid Osa. Marta Osa, Anna Osa og Gjøa Torblå. Kjelde: Heftet til Olav Lindebrekke).

I boka til Bergo og Skjerven er det rekna med at Katrina og Håkon treftest ved at Katrina hadde teneste som budeie t.d. i Slondal og trefte Håkon. So fortel Bergo og Skjerven ei romantisk soge om dei to kjærastene Katrina og Håkon som vart samde om å halde kontakten og skriva brev når stølslivet var over for Katrina, og ho vende heim til Ulvik. Men breva frå Katrina kom ikkje til Håkon. Han stura, men tok seg veg over fjellet til Ulvik langs stølsvegen frå Slondal over Gummahaugen. Kontakten vart tatt opp att og livet i Ulvik på Hakestad med sonen Olav og dei andre borna er velkjend. Brev som Katrina hadde sendt, hadde ei sjalu kokke frå Sogn nappa ut av posten.

Takketale for Amboltprisen. Innledning til RIT

av Katherine J. Hanson

Det er en stor ære for meg å ta imot denne prisen i dag. Og det er noe jeg aldri i verden hadde forventet. I den verden hvor det skrives og forskes om Olav H. Huges poesi, holder jeg til i en liten avkrok der borte i Vesterheimen. Og jeg har alltid ment at mitt arbeid med Huges poesi har vært noe som er dypt personlig. Jeg tar imot Amboltprisen i ydmykelse og sier takk. Mange takk.

Det er veldig spesielt og litt rart å være i Ulvik igjen, etter ganske mange års fravær.

Jeg kom til Ulvik for første gang sommeren 1973. Jeg var da graduate student ved The University of Washington i Seattle og hadde valgt Olav H. Huges poesi som emne for min doktoravhandling. Jeg hadde skrevet til Hauge og spurt om jeg kunne få lov til å besøke ham. Han svarte med et prospektkort fra Ulvik, ønsket meg velkommen den og den dag, og sa han hadde satt pil på huset hvor han bodde. Slik at jeg kunne finne veien fram.

Den gangen var jeg en ung student som skulle treffe den gamle dikteren - han var vel 65 i 1973, jeg 26. Det er en rar følelse å tenke at når jeg i dag har den æren å snakke om Hauge her i Ulvik, og ta imot Amboltprisen, at jeg er faktisk eldre enn Hauge var da jeg



*Katherine Hanson takkar for Amboltprisen og opnar stykket RIT.
Foto: Olav Ljones.*

traff den gamle dikteren for første gang. Jeg har levd med Huges dikt i mange tiår.

Man skulle tro jeg er nå kommet til en alder der jeg kunne si, sammen med Hauge, 'fjell lokkar ikkje meg lenger!' Men så fikk jeg brev fra Reidun Horvei og Inger-Kristine Riber med et spørsmål: ville jeg være med og lage et program med Huges dikt og musikk? Og jeg ble lokket med en gang! Av Reidun Horvei og Inger-Kristine Riber som jeg var nylig blitt kjent med i Seattle, på en middag hos felles venner og

siden deres konsert. Både Ribers komposisjoner og Horveis sangstemme gjorde veldig inntrykk på meg og å få samarbeide med dem var jo fristende. Men likevel, det som lokket meg mest var tanken på at jeg igjen skulle legge ut på en reise i Hauges poesiverden.

Det har vært fjell å komme yver under denne reisen, mest p.g.a. korona. Og jeg vil benytte anledningen nå til å rette en stor takk til alle som har gjort det mulig for meg å komme inn i landet. Reidun og Inger-Kristine mest, men også folk på Haugesenteret og i Venelaget som har støttet min søknad. Tusen takk - det betyr all verden for meg å være her idag.

Jeg hadde valgt billedspråket i Hauges poesi som emne for min avhandling. I 1973 kunne man lese artikler om Hauges poesi, men ikke lange studier eller avhandlinger bortsett fra Idar Steganes magisteravhandling. Den leste jeg grundig og ble oppmerksom der han skrev at billedspråket i diktene var noe som enda ikke var blitt studert og analysert - dermed bestemte jeg meg for å gjøre det.

Jeg begynte med å lese igjennom alle diktene i de 6 samlingene Hauge hadde gitt ut da, så etter mønster i billedspråket. Samtidig leste jeg bøker om poesi og blant de bøkene var Lyriske strukturer. Innføring i diktanalyse av Asbjørn Aarseth og Atle Kittang. Og i den boka ble jeg fanget av forfatterens

diskusjon om en fransk filosof, Gaston Bachelard. Nærmere bestemt, Bachelards teorier om den skapende fantasi - the creative imagination. Bachelard skrev at når fantasien åpner seg til skapende aktivitet, går den opp i en drømmetilstand. Ikke drømmer vi har mens vi sover, men 'aktive' drømmer, dagdrømmer, reverie på fransk. Ofte danser dagdrømmene på overflatene, de søker det nye og er i stadig bevegelse. Men andre ganger søker drømmene dybden, de bryter igjennom overflaten, vil søke dypt og komme til bunns. Diktene som gror eller springer opp fra slike dagdrømmer, mener Bachelard, åpner for syner fra grunnstoffets dybder - the depths of matter.

Videre påsto Bachelard at alle som har fantasi føler seg tiltrukket av et, eller kanskje flere, av de 4 elementene: vann, jord, luft og ild. Så når fantasien åpner seg til skapende aktivitet, drømmer den helst om vann - altså havet, sjøen, elvi - eller jord - berget, skogen - eller luft - vinden - eller ild - bålet, elden, gneiste, glør i oska. I sine dikt har Hauge drømt om, fått inspirasjon fra, alle 4 elementene. Og det er ikke så sjelden å komme på dikt hvor drømmene søker i ikke bare ett element, men to, som i «Elvi burtanum fjorden» hvor to elementer, vann(elvi) og jord(berget) er i konflikt: berget står i veien for elvi, det dominerer og tvinger

elvi sin gang. Elvi «dett i berg», «dett tungt mot fjell», «strævar og dett».

Da jeg så etter utgangspunkt i min studie av Hauges billedspråk stanset jeg, som bor ved sjøen og er et vannmenneske, ved noen dikt i Under bergfallet som jeg etterhvert kalte for havdikt. Ett av de diktene, «Havet», synt meg «glidande spegelsyn mot gåtefulle djup». «Fiskaren og havet» åpner slik: «Gåtefullt er havet i mannahug. Å vera ein audmjuk fiskar der var mi bøn og min draum.»

Når dikteren drømte om havet, åpnet han seg til fantasien og skaping og kunne søke dypt.

Hauge har også skrevet mange dikt om elvi og selv om elv og hav er samme element - vann - har elvdiktene en helt annen dynamikk. Elvi er energisk og i stadig bevegelse og den kjennetegnes ved sin song. Elvi er den kreative stemme i Hauges naturdikt. I tillegg til et kapittel om havdiktene, måtte det være et om elvdiktene.

Som jeg nevnte før, kommer elvi i konflikt med berget og da kan elvis sang bli stilnet. I «Elvi burtanum fjorden» er elvi «utan ljod, utan song». Den «dett i marebunden draum - fær ikkje ord fram, ikkje ljod ...»

Bergmotivet i Hauges billedspråk måtte da også undersøkes og det ble et tredje kapittel. Hauge har jo skrevet mange dikt om berg og fjell. Noen dikt hvor berget er

slett ikke noe positivt, som «Attum einsemnds berg»:

Men den dagen berget
dett i
attum deg,
stend du og ropar
i blind angst
og slær knokane
mot ein stengd vegg.

Eller «Eitt visste du»: «at dårskapen i verdi er flinkalde, hoggharde berg».

Men så er det andre dikt hvor dikteren syner det kreative potensiale i berget. I «I elvedjuvet» kaster elvi seg utover den bratte bergveggen, «stend i bogar yver djuvet», og skaper et rom mellom berg og vann, et magisk rom ladet med energi og kreativet. Og i «Vinterdag» forteller Hauge oss «Berget har ord langt inne».

Dikteren synes selv å være klar over at berget er noe han ikke riktig får tak i, ikke riktig forstår, eller kommer inn i: «Det er som eg ikkje har set deg fyrr, endå eg har hatt di viljeklo for augo all min dag.» heter det i «Til eitt fjell». Blant draumane me ber på i «Det er den draumen» er den «at berget skal opna seg».

Av alle naturbildene i Hauges poesi er det berg/fjell bildet som skifter mest, viser forskjellige sider og ansikt, inviterer til ny forståelse og tolkning.

Berg/fjell-bildet når høyden i sitt kreative potensiale i det som jeg

kaller for landskapsdikt, der berget sammen med elvi, sjøen, månen, stjernone danner et drømmelandskap hvor kreativiteten oppstår. Dikt som «No syng det atter», «Under stjernone» og «Vinterdag». Navnet Bachelard gav til et sånt poetisk drømmelandskap var “the oneiric landscape”.

Da Horvei og Riber bad meg komme med forslag om temaer og dikt som kunne egne seg til en musikalsk forestilling om Hauges poesi, tenkte jeg ikke å foreslå noe som hadde med Bachelard og de 4 elementene å gjøre! Jeg hadde flere idéer, noen som ikke hadde noe å gjøre med naturbildene i Hauges poesi, men den de viste mest begeistring for var grunnet i naturen og naturbildene jeg kjenner så godt. Og den idéen gikk ut på at vi lager et narrativ med Hauges dikt som følger årstidene, årssyklusen.

I Seattle gikk jeg til min Dikt i samling, leste igjennom hver samling og sorterte i følge årstid: Vinter, vår, sumar, haust. Reidun og Inger-Kristine gjorde det samme og også brukte noen dager på Haugesenteret hvor de leste gjennom dagbøkene. Det var ikke lenge før vi bestemte oss for at dette programmet, denne reisen gjennom årstidene skulle begynne om hausten, seinhausten når frukt-dyrkaren var ferdig med hage og fruktarbeid og hadde tid og krefter til å lese og skrive:

Når hausten kjem
når kulden kjem
og kveldane vert myrke,
sit eg ved elden
og hullar min song -

skriver Hauge i diktet «Når hausten kjem». Den mørke seinhaust følges av den hvite vinteren; etter den kommer den grønne våren fulgt av sumar - med mange farger. Og så avslutter vi vår reise om hausten, tidlig haust når sumarens modne frukt skal høstes.

Etterhvert som reisen gjennom årstidene med Hauges dikt tok form, kunne jeg se at reisen var ikke bare en syklus, som går rundt og rundt, men at den samtidig var en reise som beveger seg framover i tiden.

Når vi går fra sein haust til vinter og så videre utover i Hauges diktverden, merker vi forandringer i vær og lysforhold. Haustens mørke lysnes av vinterens snø som dekker jorden som er igjen belyst av stjerner og måneskinn. Ettersom året skrider fram øker solas kraft og lysningen fra himmelen kommer mer og mer derfra. Nytt liv begynner å spire fram fra den sovende jord.

Men i tillegg til å være en del av denne årssyklusen, undergår de kjente naturbildene i Hauges poesi - elvi, berget, skogen - en utvikling. De vokser. Får et eget liv. Utvikler egne personligheter og egne dybder. De blir ikke stående på ett punkt, de er heller ikke fanget i en sirkel som går rundt og rundt. De beveger seg også framover i tiden.

Mennesker er jo også en del av årssyklusen og som alt som lever kan et menneskes livsløp også markeres som en repetisjon med årstidene og som en bevegelse framover, en utvikling og en modning. Slik kan denne reisen med Hauge-dikt gjennom årstidene også oppleves som en reise gjennom livet, et menneskeliv, dikterjegets liv.

Det blir en reise på flere stadier, men et narrativ og med dramatisk spenning. Det blir ikke en fortelling som flyter sakte og rolig som en brei elv over en slette. Reisen det fortelles om her er gjennom ulendt terreng, med hindringer og med vanskeligheter. Den er preget av einsemd og av sorg, men også av glede. Den byr på dramatiske høydepunkter og stille stunder.

Tittelen på framstillingen, RIT, ble inspirert av et dikt med samme navn fra På Ørnetuva. Et kort stemningsfylt dikt som, med impresjonistisk strek, tegner en naturscene: «Ei mjuk grå teikning, rita som i ein draum.» Med en naturbeskrivelse som gror ut av draum og utfoldes, stille og sakte, som en kinesisk rulle, er diktet «Rit» et fullkomment uttrykk for visjonen vi ville få fram og en fin måte for vårt publikum å forberede seg til reisen gjennom årstidene med Hagedikt.

Diktet «Rit» åpner til ein sein haustdag og ein draum som ikke høres, men føles av alle som opplever denne dagen: furutrær som samler himmelsk bomull i håret,

bjørketrær som strekker ut greinene, fuglar som skriver på nye tavlor, dikteren, og oss.

Draumen er også ment for oss, alle vi som leser eller hører «Rit». Vi må bare roe oss ned, se verden omkring oss og være åpne og villige til å gå inn i Hauges poesiverden. Lykkes det oss, vil vår egen kreative fantasi også åpnes.

Det er fem scener i denne forestillingen: Haust, Vinter, Vår, Sumar, Haust. Hver scene innledes av en verslinje fra Hauges ikoniske dikt «Det er den draumen». Verslinjene tjener som undertitler samtidig som de suggerer drama og forventning. For det ligger en dramatisk imperativ i disse linjene: «at tidi skal opna seg», «at berget skal opna seg», en imperativ som understreker det levende livet som eksisterer i naturens verden. Enn videre, denne dynamikken dirrer med forventning «at noko vedunderleg skal skje ... at me ei morgonstund skal glida inn på ein våg me ikkje har visst um». Og det aller mest vedunderlege med denne draumen er at den er kollektiv og inklusiv: «Det er den draumen me ber på».

Nå begynner framstillingen. Det blir en opplevelse for alle sansene med musikk, sang, resitasjon, billedkunst. Jeg håper den åpner til nye visjoner og ny innlevelse i Hauges dikt for dere, som det har for alle oss som har spilt en rolle i RITs tilblivelse.

Ein håplaus Olav H. Hauge-romantikar

av Helen Daae Frøyseth



Helen Daae Frøyseth

Det er tittelen på eit av dikta i bok-singelen «Eg og Olav», som kom ut på Flamme forlag november 2021. Eg-et i diktet sit på kafé i Bærum og lengtar heim. Til oselvar og skog. Til den årlege basaren i skulehuset palmesøndag.

Fleire av dikta er sterkt inspirerte av Olav H. Hauge. Dei openberre er «Eg er so ung», «Katten ligg i senga» og «Les William Carlos Williams og skriv eit dikt». Men om du leitar litt meir håpar eg du vil sjå at også andre dikt er farga av Hauge, som til dømes «Magnoliatreet», «Stjerner», «Eg ser du er lei».

Eg har blitt beden om å skrive ein artikkel til venelagsheftet om mitt forhold til Olav H. Hauge. Eg har eit nært forhold til Hauge si dikting, men eg sit ikkje på stor kunnskap om alle sider ved Hauge som poet og menneske. Dette er

ein tekst om mitt forhold til hans dikt, og korleis dei påverkar mi eiga skrivning.

Å skrive poesi er ei vanskeleg øving, som etter mitt syn krev mange år med trening, der ein og må rekne med å bli refusert både to, tre eller ti gongar, før ein lukkast.

Nokre gonger kjem dikta av seg sjølv, som den seinsommaren eg ikkje fekk til å bruke ljå. Eg skulle slå skråninga utanfor huset mitt, men mangla kunnskap om korleis eg skulle slipe ljåen. Det var håplaut. Eg gav opp. Eg kjende jo til diktet «Ljåen», og sette meg difor ned i graset og skreiv diktet om. Ein slags protest mot uskarp egg, og vonleg ein hyllest til Hauge sitt fine dikt.

Eg er debutant i år, og kjenner på ein skrekkblanda fryd. Skrekken over å ikkje vere god nok. Fryda over å vere god nok til ein boksingel på eit anerkjent forlag. I haust har eg difor lese om Hauges debut som forfattar (Mit liv var draum/ Knut Olav Åmås) og sit att med eit inntrykk av at kjenslene Hauge hadde rundt eigen debut også var samansette. Hauge var 38 år då han debuterte som lyrikar, og 44 då han bestemte seg for å bli heiltidsforfattar. Eg er 43 når eg no debuterer.

Eg har vakse opp i ein heim fylt

Dikt frå «Eg og Olav»

KVIT KONFETTI

Når heggen drysser
kvit konfetti
over kvardagsmenneske,
held Gud pusten.
Tel hjarter som opnar seg.
Tel liv som startar på ny.

EG ER SO UNG

Eg er so ung
at eg ikkje kan bruke ljå.
Stilt syng han i graset,
kuttar ikkje eit strå.

EG HAR SÅ LYST TIL Å SENDE DEG EI MELDING

Eg dreg til Dublin,
eg dreg til Barcelona,
eg dreg til Berlin.
Legg ut bilete frå kunstmuseum, kaféar, hotell.
Til slutt står eg i Bergen framfor orda «Elsker deg evig»
på ein vegg i Kong Oscars gate.
Eg har så lyst til å sende deg ei melding.

eller

LES WILLIAM CARLOS WILLIAMS OG SKRIV EIT DIKT

så mykje avheng
av
ei gul sitron
terte
i blafrande sol
lys
under eit kirsebær
tre

med bøker, der Hauge har vore ein sentral lyrikar. Ofte var det eit Haugedikt i bursdagskorta frå foreldra mine. Dei mest kjende dikta hans har fylgt meg heile livet. Dei siste åra har eg, i mylderet av nye og gamle poesibøker, stadig vendt attende til «Spør Vinden» frå 1971. Eg har ei eldre utgåve av denne

frå Noregs boklag. «Det kjem eit brev», «Her har eg butt», «I parkerpennen» og «Den gamle diktaren har laga eit vers» er nokre av dikta som for lengst er eseløyra. Eg likar å studere korleis Hauge byggjer opp dikta sine. Fleire er smykka med flotte, lange titlar: «Eg hogg ned den store apalen utfor glaset»,

og «Eg ser på stempelet på fyrste brevet ditt» og nydelege «Til Bodil som sende meg ei plate med Bach og Händel» (sistnemnde er ikkje frå «Spør vinden»). Eg let meg inspirere av titlane, og har sjølv «Det er jazz på radioen, men det hjelper ikkje» og «Du kjem bort for å dele ein song» som titlar på to av mine dikt.

Som ein digresjon her kan eg ta med at eg i år deltok på Skrivekursakademiet i Hordaland sitt sommarkurs. Her fekk eg råd om at eg ikkje skulle ha titlar som var lik første setning i sjølve diktet. Eg valde å ikkje ta imot rådet, og heller halde meg til Hauge sin stil. Du som les dette vil kanskje vite meir enn meg om titulering av Hauge sine dikt, for meg er det eit interessant tema eg gjerne skulle visst meir om.

Den amerikanske poeten Billy Collins skriv i diktet «**Monday**» om alle poetane som sit ved vindauga sine og stirar ut på verda, fordi det er deira jobb å gjere nettopp det. Det er alltid noko å sjå, «ein fugl som landar på ei tynn grein», «det gule lyset frå ein drosje som rundar hjørna», o.s.b. Til kontrast til andre yrke: fiskarar, frisørar, bakarar, har poetar som einaste jobb å observere verda. Olav H. Hauge var ein framifrå representant for stoveglasobservatorane, og er ei av mine fremste inspirasjonskjelder til meir dikting.

Ny duk (frå *Janglestrå*, 1980)
Ny gul duk på bordet.
Og nye kvite ark!
Her må då ordi koma,
her som er så fin duk
og so fint papir!
Isen la seg på fjorden
so kom fuglane og sette seg.


Eg ser du har lært
(*Spør vinden* 1971)

Eg likar
at du
brukar
få ord,
få ord og
stutte setningar
som driv
i ei skurbye
nedetter sida
med ljøs og luft
imillom.
Eg ser du har lært
å rigla upp
eit vedlad i skogen,
godt å leggja det
i høgdi
so det turkar;
legg ein det lågt og langt,
ligg veden og røytest,
nei, eg likar ikkje
lange linor.

Det kjem eit brev
(*Spør vinden* 1971)
Det kjem eit brev.
Og eg vert glad.
Ei bylgje av sorg
ber meg mot høgdi.

«Ein kjempe, både i kropp og ånd.»

Nokre inntrykk av Robert Bly får dagbøkene til Olav H. Hauge.
av Marit Hafting



Robert Bly lese dikt på Poesifestivalen i Ulvik 2008.

Foto Olav Ljones

Robert Bly døde 94 år gamal 21.11.2021 heime i Minneapolis. Han ætta frå Norge. Farslekta var frå Hardanger, morsslekta frå Trøndelag og Lunner. I Norge er han kjent som ein sær sars produktiv forfattar og omsettjar, både av dikt og prosa av sentrale ikkje-engelsk-språklege forfattarar. I tillegg til at han har omsett Ibsens Peer Gynt og Hamsuns Sult, har han omsett dikt av tallrike norske lyrikarar, m.a. Olaf Bull, Rolf Jacobsen og Olav H. Hauge. Han har gitt ut eit utval av omsette dikt av Jacobsen og eit av Hauge. I 2000 fekk han Bjørnsonordenen og i 2008 Amboltprisen, same året som han hadde program på Poesifestivalen. Bly og Hauge hadde jamleg kontakt i over 26 år, og i «Dikt i umsetjing» av Hauge er det 25 dikt av Bly. I 1990 samla Bly synspunkta sine om amerikansk lyrikk i boka «American Poetry. Wilderness and Domesticity». Her går han inn for meir villskap, at diktarane er mindre veltilpassa og at dei skal søkje mot indrelivet til menneska. Dette er tankar Hauge er oppteken av og stendig «diskutarar» med Bly i Dagbøkene.



Foto Bodil Cappelen 1994

Fyrste gongen Robert Bly blir omtala i dagbøkene til Olav H. Hauge var juli 1968. Han hadde då vore på besøk hjå Jon Bleie på Espe i Ullensvang som nett hadde hatt besøk av Bly, som ætta frå Bleie. Tre dagar seinare har Hauge lese ein del dikt av Bly, og skriv: «han har mange gode..... dei er radt kinesiske. Han er og sterkt socialt engasjert». Eit år seinare vert han bede om å sende bøkene sine til Bly av ein forskningsstipendiat ved Universitetet i Bergen som hadde besøkt Bly i USA. Seinare same året byrja han å omsette Bly-dikt og skriv av det «gjeng an å få Bly til å snakka norsk».

Etter ei tid får han brev frå Bly: «Thank you so much for the books!

I love them! The poems are strong and fragrant, so I'am going to try to translate some of them. I feel close to you....». Etter kvart får han helsing frå Bly som skriv at omsettjingane er «very good», men strek under «very».

Framover er det jamleg brevsveksling mellom Bly og Hauge. Ut frå dagboka var tema ofte omsettjingar dei gjorde av dikta til kvarandre, og utgjevingane av desse - både i Norge og i USA. Men, begge hadde vanskar med handskrifta. Hauge byrja å skriva på maskin til Bly for at han skulle klara å tyda breva, og om Bly si handskrift skrev Hauge: «Å få brev frå Robert Bly er som å få brev frå ein av dei metafysiske

Driving toward the Lac Qui Parle River

I am driving; it is dusk; Minnesota.
The stubble field catches the last growth of sun.
The soybeans are breathing on all sides.
Old men are sitting before their houses on car seats
In the small towns. I am happy, the moon rising above the turkey sheds.

The small world of the car
Plunges through the deep fields of the night,
On the road from Willmar to Milan.
This solitude covered with iron
Moves through the fields of night
Penetrated by noise of crickets.

Nearly to Milan, suddenly a small bridge,
And water kneeling in the moonlight.
In small towns the houses are build right on the ground;
The lamplight falls on all fours on the grass.
When I reach the river, the full moon covers it.
A few people are talking, low in a boat.

Robert Bly, frå *Silence in the Snowy Fields*, 1962

På veg mot Lac Qui Parle-elvi

Eg kjøyrer bil; det skymest; Minnesota.
Stubbåkeren fangar siste solroden.
Soyabaunone andar på alle sidor.
Gamle menner sit på bilsete utfor husi sine
i landsbyane. Eg er lukkeleg,
månen ris yver kalkunskuri.

Bilen sin vesle verd
sturtar gjennom nattlandet
på vegen frå Wilmar til Milan.
Denne einsemndi med stål kringum seg
stryk gjennom nattlandet
gjennomstunge av sirissor.

Brått, nær Milan, ei liti bru,
og vatn på kne i måneljoset.
I småbyane er husi bygde rett på marki,
lampeljoset fell på alle fire i graset.
Då eg når elvi, er ho tekt av fullmåne.
Folk talar lågt i ein båt.

Omsett av Olav H. Hauge

diktarane, handskrifti hans liknar deira og.»

Dei sender kvarandre bøker og «bopakkar». Hauge skriv i dagbøkene om inntrykka sine, «mange fine dikt», han «pløgjer djupt», «Bly skriv ikkje om såret, han stikk fingeren i såret». I dei seinare åra er han frustrert over at Bly får lite merksemd i Noreg i motsetning til i Sverige: «The shift towards the non-rational - det primitive, er framand for norske forfattarar»

Olav H. Hauge har stendig Robert Bly med i tankane for han refererar ofte til han når han omtalar forfattarar han les, sett han opp mot dei, ser likskap eller motsetnad. Og han diskuterar med han og sett spørjeteikn ved nokre av standpunkta hans. «I somme høve synes eg han dreg for snøgge konklusjonar».

Hauge skriv om tre møte med Bly, to heime i Ulvik med overnatting og ein dag på Utne. Sommaren 1972 dukkar Bly fyrste gong opp i Ulvik heilt uventa, og Hauge skriv: «...ein gild kar. Såg det var noko uvanleg med den karen».

Vel ein månad før Hauge døde, kom Bly på nytt på gjesting.

17.4.94 skriv Hauge: «Store ting har hendt her. Ja, hendt? Nei, men litt uvanlege folk har kome inn i den fredlege dagen vår. Robert Bly kom, og var hjå oss i 2 døger. Han var ein dag til Bleie. Til slektningar han har der. Siste kvelden var det festmøte for han på Hardanger Folkemuseum. Der las han egne dikt.... Desse døgri Bly var her, tok på.» Neste dag skriv han vidare om tankane til Bly, og til slutt at han kom med ein heil haug bøker, og «Det som var meir, han sette kveik i oss, både Bodil og meg.»

Allereide i slutten av 60-åra skriv Bly at han kjenner seg nær til Hauge, og ut frå dagboka ser det ut for at dei hadde eit nært fagleg tilhøve og varme for kvarandre vidare gjennom heile livet til Hauge.

Kjelder:

Olav H. Hauge Dagbok

1924–1994. Band 3,4,5.

Det Norske Samlaget Oslo: 2000

Jan Erik Vold.

Ensomheten i en snøkveld.

Klassekampen 26.11.2021

Hauge museum i Ulvik, vidareføring av avtaleverket

av *Olav Ljones*

Då Olav H. Hauge døydde i 1994, var han ein velkjend og høgt akta lyrikar. Ulvikbygda var stolte av han. Gode vener skipa i 1999 eit Venelag. Initiativet til Venelaget kom frå Ulvikfolk, og i dag er laget landsomfemnande. Av dei aktivitetane som Venelaget utløyste var Poesifestivalen. Tanken om ein bauta i Ulvik kom tidleg, og allereie i 1995 blei den reist i Ulvik sentrum.

Olav H. Hauge hadde i sitt lange forfattarliv lest og samla på bøker. Boksamlinga vart overført frå Bodil Cappelen, enkja etter Olav, til Ulvik herad. For å handsama boksamlinga og forvalta minnet om Olav H. Hauge, tok Ulvik herad saman med Hordaland fylkeskommune initiativ i 2000 til å skipa Haugestiftinga, som fekk som føremål å arbeida med dokumentasjon og formidling av forfattarskapen til Olav H. Hauge. Stiftinga skulle arbeida for eit Olav H. Hauge-senter som eit litterært museum og eit minne om forfattaren.

For å realisera visjonen om eit museum i Ulvik, vart det etablert kontakt med Nynorsk kultursentrum i Ørsta (Tidlegare Ivar Aasen senteret). Intensjonsavtalen vart

signert 24.10.2010. Den første samarbeidsavtalen for åra 2011–2014 vart signert 11.8.2010. Den gjeldande avtale for åra 2014–2023 vart signert 20.9.2014. Fornying av denne avtalen skal vera avslutta før 1. februar 2022.

Ulvik herad såg at det tidlegare heradshuset kunne nyttast til eit slikt museum og har stilt det til disposisjon med 10 årlege leigeavtalar.

Avtalane stadfestar at boksamlinga som er eigd av Haugestiftinga er deponert i Hugesenteret.

Hugesenteret vart opna 4. september 2014.

Ansaret for Poesifestivalen er og førd over til Hugesenteret. Hugesenteret er ein del av Nynorsk kultursentrum I Haugestiftinga har Venelaget Olav H Hauge ein plass i styret. Leiaren Olav Ljones har hatt denne rolla for Venelaget og tatt del i forhandlingane om forlenging av avtalen. Ny avtale skal no vera klar for signering, og for alle inkludert Venelaget har det vore eit mål å vidareføre Hugesenteret. I den nye avtalen er det ein tanke å styrka kontakt og informasjon mellom Haugestiftinga og Nynorsk kultursentrum ved årlege kontaktmøte.

REFERAT ÅRSMØTE VENELAGET OLAV H. HAUGE 14.09.21

Stad: Rossvoll

Tilstade: Olav Ljones, Guri Hjeltnes, Ingebjørg Winjum, Marit Hafting, Randi Jåstad, Anders Opheim, Vidar Vambheim

Innkalling: Godkjent
Val av ordstyrar: Olav Ljones
Val av referent: Marit Hafting
Underskrivar: Randi Jåstad og Vidar Vambheim

Melding om verksemnda Venelaget Olav H. Hauge 8.9. 2018 – 3.9.21
(Meldinga er lagt ut på heimesida)
Meldinga vart vedtatt etter diskusjon om nokre punkt.

VAL

Valnemnd: Sveinung Time, Ingebjørg Ljones, Eivind Bergo

Innstilling til nytt styre: Leiar Olav Ljones
Styremedlem: Stefan Andreas Sture
(redaktøransvar for Venelagsheftet)
Styremedlem: Marit Hafting
Styremedlem: Ingebjørg Winjum
Styremedlem: Guri Hjeltnes
Vara: Oddny Miljeteig
Det nye styret vart vedtatt med akklamasjon
Valnemnd: Ingebjørg Ljones, Eivind Bergo, Vidar Vambheim
Rekneskapsførar: Anders Opheim
Revisor: Asbjørn Børsheim

KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

Jarle Fanebust, fødd 1955 frå Nordhordland, på grensa til Sogn. Arbeidde på Lindås gymnas

Helen Daae Frøyseth, fødd 1978. Kjem frå Tysnes i Vestland fylke. Har akkurat flytta heim etter 13 år i Bærum, der ho har jobba i Landslaget for Lokalaviser (LLA) og dei siste åtte åra i Riksarkivet. Gav ut boksingelen «Eg og Olav» på Flamme forlag no i haust. Byrjar som journalist i «Tysnes» frå 2022.

Katherine Hanson, fødd 1946. Forskar og tilsett ved fleire universitet i USA. Tok doktorgrad på diktinga til Hauge i 1978 med avhandlinga «Nature Imagery in Olav H. Huges Poetry». Vinnar av Amboltprisen i 2021.

Marit Hafting, fødd 1948. Busett på Voss. Barne- og ungdomspsykiatar. Pensjonert overlege og forskar.

Olav Ljones fødd 1946. Busett i Oslo. Samfunnsøkonom og no pensjonist frå Statistisk sentralbyrå. Leiar i Venelaget Olav H. Hauge.


Stefan Andreas Sture, fødd 1969. Litteraturvitar, norsklektor, historielærar og skribent.

Magne Velure, fødd i 1946 på Lofthus i Ullensvang. No bur han på Lillehammer. Mag. art. i folkloristikk ved Universitetet i Bergen. I perioden 1972–1993 arbeidde han ved fleire museum. I åra 1994–2015 arbeidde han i Kulturdepartementet, med unnatak av to år ved Høgskolen i Lillehammer.

<<FØRENAMN>> <<ETTERNAMN>>

<<Adresse>>

<<Poststad>>



Returadresse: Olav Ljones, Østadsveien 16, 0753 Oslo



STYRET I VENELAGET

Olav Ljones, leiar - ola-lj@online.no - tlf 90 69 39 04

Stefan Andreas Sture - steastu@mac.com - tlf 928 54 647

Marit Hafting - Marit.Hafting@gmail.com - tlf 995 50 315

Ingebjørg Winjum - ibwinjum@hotmail.com - tlf 404 03 863

Guri Hjeltnes - guri.hjeltnes@hlsenteret.no - tlf 452 30 353

Varamedlem - Oddny Miljeteig - oddny@rormark.com

Kasserar Anders Opheim - andersko@ulvik.org

Redaksjon for dette heftet: Marit Hafting, Olav Ljones, Stefan Sture, Ingebjørg Winjum.

